



Sakshandsamar:
Jarle Aarvoll
Tlf: 57 62 96 09
Mobil:
Vår ref.
17/3502-2
Arkiv

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dykkar ref.

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato
01.11.2017

Søknad om tilskot til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn

Nye Sogndal kommune har fått løyvd 1 million kroner i infrastrukturmidlar til utbygging av hangar på Sogndal Lufthamn – Haukåsen frå Kommunal og moderniseringsdepartementet. Sogn Regionråd og Sogndal kommune inviterer med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vere med på spleiselaget som skal til for å etablere ein hangar og dermed sikre auka kapasitet og betre regularitet i flygingar til og frå Sogndal Lufthamn.

Widerøe kan ikkje parkere sine Dash 8 100 over natta på vinteren utan hangar. Årsaken er alt for store snømengder. Det er statistisk er fleire kanselleringar om morgonen då talet på passasjerar er høgst. I 2015 vart 173 flygningar kansellerte, for 2016 var talet 127. 85% av passasjertrafikken på Sogndal lufthamn er arbeidsreiser, og det er difor kritisk å ha fly som startar i Sogn tidleg på morgonen. Vi ser og behov for eige fly som kan stå over natta grunna sprengt kapasitet på morgonen til Oslo. Auka passasjervekst gjer at passasjerar ofte må fly via Bergen (vi deler morgonfly med Sandane i dag). Per i dag er Widerøe sine fly på Vestlandet nattstasjonert i Florø, Førde, Sandane og Ørsta/Volda.

Møter mellom Avinor, Widerøe og representantar for Sogn Regionråd stadfester at med mogelegheit for garasjering av fly på Haukåsen vert det sannsynleg at vi får eit nattstasjonert fly, noko som igjen vil betre regulariteten på flyplassen monaleg. Næringslivet i regionen signaliserer at flyplassen på Haukåsen er essensiell for deira utvikling og eksistens, og er villige til bidra for å utvikle tenestene. Vidare er alle kommunane i Sogn regionråd utfordra til å ta del i finansieringa.

Vedlagte forprosjekt vart finansiert av kommunane, og regionrådet koordinerte innsamlinga av midlane. I rapporten er kostnaden for ei tilfredsstillande hangar vurdert til om lag 10 millionar kroner. Det er uaktuelt for Avinor og Widerøe å bygge hangaren, dermed er det eit lokalt initiativ og gjennomføring som må til for å få etablert ein hangar på Sogndal Lufthamn.

Sogndal kommune er som vertskommune klare til å ta ansvar, og kommunen sitt næringssselskap, Sogn Næring, står klare til å starte jobben mot realisering. Saka er imidlertid for stor til at kommunane og næringslivet aleine kan løyse den. Vi søker difor Sogn og Fjordane fylkeskommune om 3 millionar kroner i støtte til utbygging av hangar på Sogndal lufthamn - Haukåsen. Vi legg opp til ein finansieringsmodell der fylkeskommune, kommunal sektor og det private næringslivet tek ansvar for om lag kvar sin tredjedel.

Planen er å etablert eit aksjeselskap eigd av Sogn Næring og næringslivet i Sogn som byggjer ut og eig hangaren. Selskapet leiger hangaren ut til flyselskap.

Vi må ha ei avklaring på finansieringa innan januar 2018, og vi håpar fylkeskommunen kan ta stilling til dette i samband med budsjetthandsaminga. Ved planlegging og utbygging av hangar i 2018 og 2019 vil den vera klart før Samferdselsdepartementet skal lyse ut og tildele konsesjon for komande tildelingsperiode som går frå 2020. Det vil då vera mogleg å stille krav om nattstasjonert ved Sogndal lufthamn – Haukåsen frå 2020.

Ta gjerne kontakt om de treng meir informasjon.

Helsing frå

Petter Sortland
-Leiar Sogn Regionråd-

Jarle Aarvoll
-Ordførar Sogndal-

Agnar Holen
-Styreleiar Sogn Næring-

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi:

- Sogn Regionråd v/Karina Nerland

Vedlegg:

- ENSG vedlegg forprosjekt - hangar for nattparkering
- ENSG Sogndal lufthavn - Forprosjektrapport hangar nattparkering v 1 dato 23 06